



KONTROLLUTVALET I FORSAND PROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtenr.: 1	Møtedato: 15. april 2011	Utvalgssaksnr.: 1/11 - 10/11
Innkalt: Torstein Haukalid Grethe Johansen Odd Arne Ingvaldstad	Forfall: Ingen forfall		
Andre som var tilstades: Frå kommunen møtte: Leiar av Forsand Elverk Jarle Larsen møtte til sak 2. Rådmann Terje Nysted og økonomileiar Ellen H. Larsen møtte til sakene 2 – 4. Frå Rogaland Revisjon IKS møtte: Tore Kristensen og Rune Eskeland Frå Rogaland Kontrollutvalgssekretariat møtte: Per Kåre Vatland			

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

1/11 Godkjenning av protokoll frå førre møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møtet 30. november 2010.

2/11 Årsrekneskapen for Forsand Elverk KF 2010

Elverksjefen orienterte om rekneskapen 2010.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand har ingen kommentarar til årsrekneskapen 2010 for Forsand Elverk KF ut over det som kommer fram i revisjonsberetninga og årsoppgjersnotatet 2010.

3/11 Kommunen sin årsrekneskap 2010

Administrasjonen orienterte om kommunen sin årsrekneskap 2010.

Revisor gikk gjennom årsoppgjersnotatet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Forsand har ingen merknader til årsrekneskapen 2010 for Forsand kommune ut over det som kommer fram i revisjonsberetninga og årsoppgjersnotatet 2010.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan kontrollutvalets møtet i september.

4/11 Årsrapport skatterekneskapen 2010

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Forsand tek Årsrapport 2010 frå skatteoppkrevjaren i Forsand med kontrollrapport 2010 frå Skatteetaten til orientering.
2. Saken vert send vidare til kommunestyret til orientering.

5/11 Budsjettoppfølgning kontroll og tilsyn pr 31.12.2010

Revisjonen presenterte rapporten.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek budsjettoppfølginga kontroll og tilsyn på 31.12.10 til orientering.

6/11 Rapport om Selskapskontroll i Ryfylke Miljøverk IKS

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

1. Kommunestyret i Forsand tek den framlagde selskapskontrollen av Ryfylke Miljøverk IKS til etterretning.

2. Kontrollutvalet følger opp tilrådingane som gjeld eigarane, samt tilrådingar som heng saman med forvaltningsrevisjon, på siste møte i år.

7/11 Rapporten 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane - Status/-oppfølging av utredinga

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Forsand ber rådmannen orientere kontrollutvalet om status på kommunen si oppfølging av rapporten på møtet i mai.
2. Vidare vert revisor beden på møtet i mai å orientere om status på korleis tilrådingane til revisor er følgde opp.

8/11 Kontrollutvalet si årsmelding 2010

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Forsand vedtek den framlagde årsmeldinga for 2010.
2. Årsmeldinga vert vidaresendt til kommunestyret i Forsand.

9/11 Oversikt over status prosjekter og kontrollar

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek oversikt over status prosjekter og kontrollar – april 2010 til orientering.

10/11 Utkast til prosjektmandat - selskapskontroll i Rogaland Revisjon IKS

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Forsand bestiller selskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Rogaland Revisjon IKS i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre, med tillegg.
2. Bestilling skjer under føresetnad av at selskapskontrollen vert gjennomført som skissert, og i tråd med endeleg vedtak frå Stavanger kontrollutval, som er største eigar.

MELDINGAR

Periode: 24. mai 2011 - 15. april 2011

Nr. Meldingstittel

1/11 Melding om vedtak - Rapport forvaltningsrevisjon - Kommunen sine forsikringsordningar

2/11 Melding om vedtak - Årsplan 2011 - Kontrollutvalet

EVENTUELT

Neste møte vert 24. mai kl 08.30.

Kontrollutvalet vart samde om å flytta møte 6. september til 30. august kl. 08.30.

Underskrifter:

Me stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Leiar av kontrollutvalet

Sekretær for kontrollutvalet